

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 02.03.2018  
Vår ref.: 2018/7522-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Andreas Granli

## Kulturminnefagleg fråsegn - gnr. 69 bnr. 1 og 3 Vågstaule - Bygging av landbruksveg

Vi viser til brev datert 09.02.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld ombygging av 280 meter landbruksveg til vegklasse 5 på Vågstaule i Lindås kommune.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar og eventuelle tufter, bakkemurar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservatorSigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*